

## Rundskriv R

---

Til samtlege departement  
Statsministerens kontor

Nr.  
R-6/2005

Vår ref  
05/3519 C IMH/ISa

Dato  
21.09.2005

### **Statsbudsjettet medrekna folketrygda 2005. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering**

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2005. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2005 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Fagdepartementa bør også sende inn saker om overskriding av mindre omfang som normalt kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned årsløyvinga for å tilpasse løyvinga til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 28. oktober 2005.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2004
- Saldert budsjett 2005 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2005


I Hovudbudsjettsskrivet for 2006 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2005 innan 15. august 2005. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa legge fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å legge fram slike proposisjonar er 25. november 2005.

Ved handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett 2005 vedtok Stortinget ei innsparingsfullmakt på 78,2 mill. kroner. Innsparingsfullmakta inneber at departementa skal spare inn utgifter for i alt 78,2 mill. kroner fordelt på departementas drifts- og investeringsutgifter (postane 1-49, unntatt post 24), samt på nettobudsjetterte verksemdar. Innsparinga er fordelt mellom departementa, som nå må spesifisera endringane på kapittel, post og underpost i innspelet til Finansdepartementet.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2005 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 2. desember 2005.

Med helsing



Espen Aasen e.f.  
avdelingsdirektør



Ingvild Melvær Hanssen  
førstekonsulent

Sakshandsamar: Ingvild Melvær Hanssen, tlf: 22 24 41 42